

Kristoffer Lie  
Søre Fjellavegen  
5357 FJELL

Dato: 11.05.2017  
Vår ref.: 2015/10280-30  
Saksbehandlar: anjsetr  
Dykkar ref.:

## **Grunneigarvarsel - arkeologisk registrering med gravemaskin i samband med reguleringsarbeid -fv 555 Austerfjorden-Kolltveit, Fjell kommune**

Vi viser til varsla oppstart av reguleringsplan for ny fv 555 frå Kolltveit i Fjell kommune til Austefjorden i Sund kommune datert 08.10.15, samt vårt brev frå mai 2016 med varsel om arkeologiske registreringar heimla i § 9 i kulturminnelova i samband med planarbeidet.

Det er naudsynt å undersøke delar av planområdet ved maskinell flateavdekking i form av søk med metalldetektor og å grave søkesjakter med gravemaskin. Dette brevet er sendt heimelshavarar i areal kor vi ønskjer å bruke metalldetektor og gravemaskin for å avklare om det kan finnast automatisk freda kulturminne under matjorda. Sjå kart på neste sider for oversikt over områda som skal undersøkast. Rosa strek markere planområdet, blå strek viser område der vi vil søke med metalldetektor i forkant av sjaktning.

Vi vil begynne med metallsøk i området 15.05.2017 og oppstart med maskin fra 18.05.2017.


Metallsøk føregår ved at ein går over marka systematisk med ein metalldetektor og undersøker eventuelle utslag frå detektor. Ved utslag på detektoren vil ein grave eit prøvestikk med spade, om lag 30x30 cm i størrelse, ned til ein djupne på kring 25-30 cm. Prøvestikka vert attfylt fortløpande undervegs.

Ved registrering med gravemaskin vil vi avdekke matjord og eventuell annan overdekkande masse ned til undergrunn, vanlegvis i ei breidde på 3-4 m. Lengde, djupne og kor tett sjaktene ligg, vil variere mykje avhengig av topografi og funnsituasjon. Lengda på sjaktene kan til dømes variere frå om lag 10 meter og opptil 50-60 meter eller meir. Djupna på dei einskilde sjaktene avheng av kor mykje masse som må fjernast for å komme ned til undergrunnen, erfaring viser at dette kan variere svært mykje. I areal med skrinnt matjord (20-25 cm) er det tilstrekkeleg å fjerne denne, medan i areal med påfyllte massar eller eventuelt rasmassar, kan det vere naudsynt å fjerne opptil 3-4 meter masse i djupna. Kor tett sjaktene ligg vil variere med lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn, men ein avstand mellom sjaktene på 8 til 15 meter er ikkje uvanleg.

Alle sjakter blir fylt igjen etter at eventuell nødvendig dokumentasjon er utført, så langt det er praktisk mogeleg vert attfylling utført fortløpande. Særleg djupe sjakter blir prioritert attfylt så raskt som mogleg. Matjord som er fjerna i sjaktene blir lagt tilbake, men oppgravd areal vert ikkje sådd på nytt. Tiltakshavar, Fjell kommune, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom areal blir pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som blir råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. I enkelte områder kan det bli aktuelt å opne opp gjerder for å skaffe tilgang til område med maskin. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil fylkeskommunen innhente opplysningar om nedgravne kablar, røyr og grøfter i dei aktuelle areala frå Fjell kommune og andre

eigarar av like anlegg. Dersom du har kjennskap til slikt på din eigendom ber deg om å ta kontakt meg oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.



Dersom ein har spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Anja N. Sætre på 55 23 99 98 eller [anja.nordvik.saetre@hfk.no](mailto:anja.nordvik.saetre@hfk.no).

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Anja Nordvik Sætre  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*